



ROVVILTNEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltnemnda region 1

Dykkar ref:

Vår ref.:
2018/1650

Arkivnr.:
433.52

Dato:
08.05.2018

Protokoll møte i rovviltnemnda 7.05.2018

Rovviltnemnda i region 1 hadde møte på Clarion Hotell, Bergen Airport mandag 7. mai 2018.

Deltakarar

Frå rovviltnemnda: Aleksander Øren Heen, Helge Nævdal, Gunvor Birkeland, Helen Hjertaas og Aase Simonsen.

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/sekretariatet, Hermund Mjelstad.

Frå Fylkesmannen i Hordaland, Rune Johan Mikkelsen.

Frå organisasjonane møtte Reidar Kallestad, Hordaland Sau og Geit.

Rovviltnemnda mottok på førehand innspel til revisjon av forvaltingsplanen frå bondelaga i regionen, Sogn og Fjordane Sau og Geit, Vest-Agder Sau og Geit, WWF Verdens Naturfond og Naturvernforbundet i Agder. Sogn og Fjordane Bondelag leverte innspel til saka om lisensjakt på jerv.

Protokoll

Sak 06/18: Lisensjakt jerv og ulv 2018 -2019.

Lisensjakt jerv 2018 – 2019. Samrøystes vedteke med nytt pkt. 2.

1. *Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2018 – 15.02.2019. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.*
2. *Rovviltnemnda syner til erfaringar med lisensuttak i region 1 der svært få jerv vert felt gjennom lisensjakt. Nemnda ber om at direktoratet legg kvoten til grunn i sitt arbeid med ekstraordinære uttak. Nemnda ber og om at ein vurderer å starte med ekstraordinære uttak før lisensjakta er slutt. På den måten kan ein redusere bruken av hiuttak.*
3. *Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Aleksander Øren Heen
Naddvik, 6885 Årdalstangen
Telefon: 91134842
aleksander.heen@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/sfj>

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@fylkesmannen.no

å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- *Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde fra straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*

- *Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*

- *Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.*

- *Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.*

- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*

- *Fylkesmennene administrerer lisensfellinga*

Lisensjakt ulv 2018 – 2019. Samrøystes vedteke.

1. *Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.10.2018 – 31.03.2019. Til saman kan det fellast 3 ulv i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.*

2. *Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:*

- *Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.*

- *Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde fra straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.*

- *Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelser for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).*

- *Det er ikke høve til å nytte snøskuter.*

- *Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve fra jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.*

- *Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.*

Nemnda sine vedtak i sak om lisensjakt på jerv og ulv kan påklagast og blir difor sendt ut som eiga sak.

Sak 07/18: Revisjon av forvaltingsplan, innspel.

Rovviltnemnda mottok nokre innspel frå organisasjonane som blir teke med i det vidare arbeidet med revisjonen. Sekretariatet og nemnda vurderer innspela og innarbeider desse, saman med ei generell oppdatering av planen, før den blir vedteke sendt ut på offisiell høyring i nemnda sitt neste møte 28. september. Høyringsperiode oktober og november, før endeleg vedtak i nemndsmøte i desember. Nemnda er samde i at det er trøng for ein nedkorting/forenkling av planen, og vurdere eit eiga kapittel om grenseproblematikken.

Sak 08/18: Status rovvilt i regionen før beitesesongen.

Statens Naturopsyn hadde ikkje høve til å møte og sekretariatet hadde ein kort gjennomgang av status. Det er ingen dokumenterte observasjonar av bjørn eller ulv i regionen. Etter felling av ein gaupe i Audnedal og ein på Voss under kvotejakta, er det få gauper igjen i regionen. Etter uttak av to hannjerv i Luster, Sogn og Fjordane, eit hiuttak i Suldal, Rogaland og ein hannjerv i Vinje, Telemark er tal jerv redusert, og med det er skadepotensalet for beitesesongen også redusert. Det er framleis jerv i Sogn og Fjordane og det er pr i dag uvisst om fleire blir teke ut her. Totalt sett vurderer vi skadepotensalet frå freda rovvilt i beitesesongen 2018 til å vere tilfredsstillande for region 1, med unntak for indre deler av Sogn og Fjordane (kommunane Stryn, Luster og Årdal).

Sak 09/18: Orienteringssaker og ymse

- Leiar orienterte om «samordningsoppdraget for jerv» og at prosjektet er avslutta i sin noverande form. Rovviltnemnda i region 3 (Oppland) og FM Oppland vil i samarbeid med NINA vidareføre deler av prosjektet, som omhandlar eit analyseverktøy for soneforvaltning av jerv.
- Seminar om jerv på Hardangervidda Nasjonalparksenter (Skinnarbu) 23 mai. Leiar vil prøve å stille her.
- Klagesaka på nemnda sitt vedtak om kvote for betinga skadefelling ligg til handsaming i Klima- og miljødepartementet.

Med helsing

Aleksander Heen

Leiar

Rovviltnemnda for region 1
91134842

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift



ROVVILTNEMNDA I REGION 1
Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Kopi pr. e-post:

- Fylkesmennene i Region 1
- SNO v/Rein Arne Golf og Jon Erling Skåtan
- Mattilsynet
- Sogn og Fjordane Bondelag
- Sogn og Fjordane sau og geit
- Agder Bondelag
- Vest-Agder sau- og geit
- Rogaland bondelag
- Rogaland sau- og geit
- Hordaland bondelag
- Hordaland sau- og geit
- Naturvernforbunda i region 1
- WWF
- Foreningen Våre Rovdyr
- NOAH - for dyrs rettigheter
- Norges Miljøvernforbund